



Basestasjonen må plasserast ein annan stad, meiner oppsittarane

**Også Vivik og Svein Rimstad i Kleivadalsvegen 3 har protestert mot oppsetjing av basestasjon for Telenor Mobil på friområde i Korsnes.**

Dei skriv at sjølve hytta, som sikkert skal innehalda koplingar og elektronikk, nok vil liggja lite sjenerande til. Masta på 10 meter derimot, plasert på toppen av knausen, vil verta eit lite positivt element, både i eit friområde og med omsyn til at det vil skjemma utsikten frå både stove og uteplass hjå Rimstad og sikkert også hjå andre. Rimstad bed om at det ikkje vert gjeve løyve til utføring av dette tiltaket på planlagt stad.

- Det lyt då finnast andre strategiske plasseringar av slikt som ikkje skjemma for deler av to bustadfelt, meiner Vivik og Svein Rimstad.

Av Ola Matti Mathisen